

# Statistikk som grunnlag for utviklingsarbeid

Digital samling 21. november 2023

Per Garmannslund og Sølvi Lillejord i samarbeid med Statsforvaltaren i Vestland



Statsforvaltaren i Vestland



29.11.2023

# Opplæringslova § 13-3e. Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å arbeide med kvalitetsutvikling

Kommunen og fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4. Som ein del av oppfølgingsansvaret, skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av kommunestyret og fylkestinget.

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga.





## Kommunen og fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatata frå nasjonale kvalitetsvurderingar

- *Det er ikkje lagt føringar for korleis systemet skal vere, utover det at det er eit krav at systemet for vurdering og resultatoppfølging skal vera forsvarleg.*
- *Skuleeigar står fritt til å utforme sine egne system, tilpassa lokale forhold.*

*«Eit forsvarleg system er eit system som er eigna til å avdekkje eventuelle forhold som er i strid med lov og forskrift, og som sikrar at det blir sett i verk adekvate tiltak der det er nødvendig. Eit forsvarleg system føreset jamleg resultatoppfølging og vurdering av om lovverket blir følgt.»*

Ot.prp.nr.55 (2003-2004)



# Som ein del av oppfølgingsansvaret, skal det utarbeidast ein årleg rapport

- *Den årlege rapporten skal drøftast av kommunestyret og fylkestinget*
- *Del av arbeidet, i seg sjølv ikkje nok til å imøtekome lovkravet*
- *Knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø*
- *Kan omhandle meir*

Ot.prp.nr.55 (2008-2009)

Skal sørge for at skolane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i LK20



- *Kommunen overordna ansvar, og skal syte for at dette skjer*
- *Skulen jamleg vurderer...*
- *Fordrar kunnskap om målsetnadane i Læreplanverket for Kunnskapsløftet*

# LK 20 – Overordna del – Prinsipp for skulens praksis - Profesjonsfelleskap og skuleutvikling

- «Skoleeiere, skoleledere og lærere har ut fra sine ulike roller et felles ansvar for å legge til rette for god utvikling i skolen.»
- Peikar på skuleleiinga som ein særleg viktig aktør, og presenterer viktige grunnprinsipp i høve det å stimulere til utvikling.
- Profesjonsfelleskapet som arena
- Refleksjon i praksisfelleskapet som metode



# Ny opplæringslov hausten 2024

§ 17-12 Skolefagleg kompetanse og kvalitetsutvikling

Det skal vere skolefagleg kompetanse i kommune- og fylkeskommuneadministrasjonen.

Kommunen og fylkeskommunen skal arbeide for å halde ved lag og heve kvaliteten i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa.

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette med heimel i §§ 1-4 første og andre ledd og 1-5 andre og tredje ledd.

Kommunestyret og fylkestinget skal minst éin gong i året få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa



Statsforvaltaren i Vestland



29.11.2023

# Kommunen og fylkeskommunen skal arbeide for å halde ved lag og heve kvaliteten i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa.



- Erstattar dagens § 13-3 e, første ledd, første punktum.
- Delvis vidareføring
- Forsvarleg system fjerna
- Kommunelova § 25-1 – Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen
- Nemner ikkje kvalitetsvurderingssystemet eksplisitt (nasjonale prøvar, elevundersøkinga m.m)
- Opp til kommunen sjølv å vurdere kva kjelder dei vil lene seg på
- Klårare at desse kjeldene ikkje nødvendigvis gir uttrykk for «tilstanden»

## § 13-3e, første ledd:

Kommunen og fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4.





Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolene jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette med heimel i §§ 1-4 første og andre ledd og 1-5 andre og tredje ledd.

- Vidarefører i all hovudsak § 13-3e andre ledd.

Kommentarar til lova:

- Sentralt grunnlag for kvalitetsutviklinga i kommunane
- Elevane og føresette skal involverast i arbeidet, jf. § 10-4.
- *«Vidare må både rektor, lærarar og eventuelt andre tilsette involverast i arbeidet med kvalitetsvurderinga på den enkelte skolen fordi det er dei tilsette som har førstehandskunnskap om skoleverksemda og elevane.»*
- *«Kravet om at vurderinga skal gjerast «jamleg», inneber ikkje eit krav om eit fast intervall. Poenget er at det ikkje må gå for lang tid mellom kvar gong det blir vurdert. Denne vurderinga vil vere eit viktig grunnlag for arbeidet i kommunen med kvalitetsutvikling. Det må derfor vere gode grunnar for at vurderinga skal kunne gjerast sjeldnare enn éin gong per år.»*

#### § 10-4 Skoledemokratiet

Skolen skal sørge for at elevane og foreldra får vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen, mellom anna arbeidet med skolemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjinga av skolereglar.

Elevane skal ikkje delta i behandlinga av saker som er omfatta av lovfesta teieplikt.

Skolen skal leggje til rette for at alle elevane skal kunne seg, og oppmuntre dei til å delta i skoledemokratiet. Skolen skal også hjelpe elevane i arbeidet med skoledemokratiet



Kommunestyret og fylkestinget skal minst éin gong i året få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa.

- Vidarefører for det meste § 13-3e andre ledd, andre punktum.
- *Framleis læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa som er fokusområde for informasjonen*
- *Minst éin gong i året / årleg rapport*
- *Informasjon om / årleg rapport*

Kommentar:

*«Éin måte å oppfylle kravet på er å rapportere i ein årleg tilstandsrapport eller ei kvalitetsmelding»*

# Oppfølgingssamling 2024

- Målgruppa er kommunar
- Meir konkret og retta mot enkeltkommunen
- Fysisk samling, 5-10 kommunar (hensiktsmessig omfang)
- Utval av kommunar, Statsforvaltaren gjer skjønns-messig uttrekk om det er mange interessentar
- Annonsert på våre sider

